



FJELL KOMMUNE

Skulesjefen

Trude Hagenes Nyland
FAU-leiar
Høganeset 34
5177 Bjørøyhamn

Dykkar ref.

Vår ref.

2018/1211 - 14654/2018

Saksb. – tlf.

Nina Høiem - 55097235

Dato

29.05.2018

Presisering av vedtak – gjeld skuleveg for born busett i Ørnadalen på Bjørøy

Skulesjefen viser til brev frå FAU Bjørøy skule og vedlegg til dette med grunngjeving. Saka gjeld trygg skuleveg for elevar ved skulen som er busett i Ørnadalen. Foreldre til elevane på adressa er fortvila over at dei ikkje er omfatta av vedtak om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Retten til skuleskyss er heimla i Opplæringslova § 7 – 1: *”Elevar i 2. – 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.”*

I referat frå skyssnemnda (nemnda er nedlagt no), datert 1. september 2005, står følgjande

«Vedtak:

«Elevane frå 1. – 4. klasse får fri skyss på strekninga forbi kai-området på skulevegen frå Søre Bjørøy til Bjørøy skule.»

Denne formuleringa vart ved utviding av vedtak for mellomtrinnet, forstått å gjelde strekninga sør for Bjørøy skule. Rådmannen trudde altså at elevar frå 1. – 4. klasse som budde sør for skulen, allereie var omfatta av vedtaket gjort av Skyssnemnda i 2005, då Komité for drift og forvaltning 20.01.2017 fatta følgjande

vedtak:

«Elevar frå Bjørøy skule frå 5. – 7. klassetrinn som bur sør for skulen i retning Tyssøy (fylkesveg 207), får fri skyss grunna særleg farleg og vanskeleg skuleveg til og frå undervisningstida i perioden etter haustferien fram til skulevinterferien.»

Skulesjefen ser at det i denne saka har vore uklår formulering og dermed ulik tolking av kva strekning som gir rett til fri skuleskyss for 1. – 4. klassingar busett sør for skulen. Ein elev i 3. klasse utan plass i SFO, fekk innvilga vinterskyss etter vurdering frå skulesjefen, men elevar på småtrinna frå Ørnadalen, har etter korrekt tolking formelt sett ikkje vore omfatta av vedtak om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Det er klart at 1. – 4. klasse også skal tryggast på strekninga. **Skulesjefen vil derfor presisere at følgjande er å sjå som gjeldande:**

Elevar frå Bjørøy skule frå 1. – 4. klassetrinn som bur sør for skulen i retning Tyssøy (fylkesveg 207), får fri skyss grunna særleg farleg og vanskeleg skuleveg til og frå **undervisningstida*** heile året.

Vilkåret er at elevane kan reise med skule/eller rutebuss som går langs fylkesveg 207!

Skulesjefen gjer merksam på at:

- **Retten til fri skyss gjeld berre i samband med obligatorisk opplæring, det vil seie til/frå skuletida/undervisningstida*. Barn i skulefritidsordninga, (SFO) er derfor ikkje omfatta av vedtaket.**
- **Leksehjelp er heller ikkje omfatta av skyssreglane i opplæringslova § 7 – 1 . SFO og leksehjelp er frivillige tilbod og reknast etter lova som fritidstilbod.** I kommentarane til § 13 – 7 i Opplæringslova, skulefritidsordninga vert dette presisert; ”*Departementet ser det ikkje som naturleg å innføre en rett til skyss etter et tilbod om leksehjelp der deltakelse er frivillig. Det eksisterer heller ingen rett til skyss etter skolefritidsordningen*”.
- **Elevar som har plass i SFO både før- og etter undervisningstida, har ikkje rett til fri skyss**
- **Elevar som har plass i SFO berre om morgonen (før skuletid – har rett på skyss heim),**
- **Elevar som har plass i SFO og/eller leksehjelp berre om ettermiddagen (etter skuletid - har rett på skyss til skulen)**

NB!

Vedtaket om skuleskyss er etter lova enkeltvedtak og dei som etter dette meiner å ha rett til fri skuleskyss, må søkje om dette. Søknadsskjema som ligg ved, leverast på Bjørøy skule.

Med helsing

Wilhelm Anglevik
Skulesjef

Nina Høiem
Pedagogisk konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Therese Nesse	Ørnadalen 68	5177	
Stein Ola Jakobsen	Ørnadalen 64	5177	Bjørøyhamn
Cathrine Sætre Gavlen	Ørnadalen 57	5177	Bjørøyhamn
Inger-Helen Kallestad			
Von Der Ohe Marta G	Ørnadalen 52	5177	Bjørøyhamn
Kjetil Hansen	Ørnadalen 68	5177	Bjørøyhamn
Renathe Fagerbakke			
Rita Svendsen			
Erik Brekke	Ørnadalen 44	5177	Bjørøyhamn